


# Rettleiar

Reelle  
rettshavarar



Brønnøysundregistera

# Innhold

1. Innleiing	3
2. Bakgrunn for Register over reelle rettshavarar	3
3. Kven skal registrere reelle rettshavarar?	5
4. Kven er reell rettshavar?	5
5. Korleis finn du verksemda sine reelle rettshavarar?	14
6. Kva opplysningar skal registrerast?	14
7. Eksempel på eigar-/kontrollstrukturar	17
8. Verksemda er registreringspliktig, men har ikkje reelle rettshavarar	27
9. Verksemda har reelle rettshavarar som ikkje kan identifiserast	28
10. Når skal opplysningar om reelle rettshavarar registrerast?	28
11. Oppdatering av registrerte opplysningar	28
12. Kor skal opplysningane registrerast?	29
13. Kven har ansvaret for registreringa?	29
14. Omfanget av plikta til å hente inn og oppbevare opplysningar om reelle rettshavarar	30
15. Varsel om avvik frå rapporteringspliktige og offentlege myndigheiter	31
16. Kva skjer dersom registreringspliktig får eit varsel om avvik?	32
17. Kven kan få tilgang til opplysningane?	33
18. Skjerming av opplysningar i særlege tilfelle	34

## 1. Innleiing

Rettleiaren er eit tilleggskdokument til informasjon om Register over reelle rettshavarar som ligg på <https://www.brreg.no/nn/reelle-rettshavarar/>. Dokumentet er til for å hjelpe deg gjennom prosessen med å identifisere og registrere reelle rettshavarar i samsvar med lov og forskrift.

## 2. Bakgrunn for Register over reelle rettshavarar

Lov av 01.03.2019 om register over reelle rettshavarar har til formål å legge til rette for rapporteringspliktige, myndigheiter og andre sin tilgang til opplysningar om reelle rettshavarar.

Registeret skal sikre openheit om dei faktiske eigarforholda i norske verksemdar og gi informasjon om dei fysiske personane som i realiteten kontrollerer verksemdene. Dette er eit tiltak for å motverke kvitvasking, terrorfinansiering og økonomisk kriminalitet.

### Forholdet til kvitvaskingslova

Når den registreringspliktige skal identifisere sine reelle rettshavarar, er det viktig å følgje kriteria i forskrifta til lova. Det er ulike kriterium i kvitvaskingslova og lov om reelle rettshavarar.

Reelle rettshavarar etter kvitvaskingslova	Reelle rettshavarar etter lov om reelle rettshavarar
<p>Risikobasert tilnærming skal vurderast og kan føre til ein reell rettshavar.</p>	<p>Risikobasert tilnærming er ikkje relevant fordi identifiseringa av reell rettshavar er objektiv.</p>
<p>Nære familiemedlemmer sin eigarskap og kontroll skal slåast saman.</p>	<p>Ingen automatikk i at nære familiemedlemmer sin eigarskap og kontroll blir slått saman. Men fleire eigarar kan avtale samarbeid som til saman overstig 25,01 %. Dette inkluderer også avtalar i vedtekter, stiftelsesdokument, aksjonæravtalar eller andre interne avtalar.</p>
<p>Ved indirekte kontroll via mellomliggande verksemder må reell rettshavar i verksemd C kontrollere 25,01 % eller meir i verksemd B, som igjen kontrollerer 25,01 % eller meir i verksemd A.</p>	<p>Ved indirekte eigarskap via mellomliggande verksemder må reell rettshavar i verksemd C kontrollere 50 % eller meir i verksemd B, som igjen kontrollerer 25,01 % eller meir i verksemd A.</p>
<p>Politisk eksponerte personar og deira nærstående skal identifiserast.</p>	<p>Politisk eksponerte personar skal ikkje registrerast.</p>
<p>Majoritetseigde dotterselskap av børsnoterte føretak er unntatt kravet til identifisering av sine reelle rettshavarar.</p>	<p>Dotterselskap av børsnoterte føretak skal identifisere sine reelle rettshavarar.</p>

Tabellen over viser forskjellane mellom dei to lovane for når ein person er reell rettshavar.

### 3. Kven skal registrere reelle rettshavarar?

Registreringspliktige verksemder skal registrere opplysningar om reelle rettshavarar. Dette gjeld både om verksemda har, eller ikkje har, reelle rettshavarar. Med registreringspliktige meiner lova juridiske personar, einingar og andre samanslutningar og forvaltarar av utanlandske trustar og liknande juridiske arrangement som blir omfatta av lova sitt verkeområde etter [§ 2 i lov om register over reelle rettshavarar](#).

Registreringspliktige verksemder:

- aksjeselskap (AS)
- allmennaksjeselskap (ASA)
- europeiske selskap (SE)
- ansvarleg selskap med solidarisk ansvar (ANS)
- ansvarleg selskap med delt ansvar (DA)
- partsreiarlag (PRE)
- europeiske økonomiske føretaksgrupper (EØFG)
- kommandittselskap (KS)
- samvirkeføretak (SA)
- bustadbyggelag (BBL)
- burettslag (BRL)
- sparebank (SPA)
- pensjonskasse (PK)
- norskregistrert utanlandsk føretak (NUF) som er registrert i Føretaksregisteret
- gjensidige forsikringsselskap (GFS)
- næringsdrivande stiftelsar (STI)
- foreiningar, som har rekneskapsplikt og/eller driv næring (FLI)
- ansvarleg selskap med avgrensa ansvar (BA)

### 4. Kven er reell rettshavar?

Ein reell rettshavar er den eller dei fysiske personane som i siste instans eig eller kontrollerer ein juridisk person, eining eller annan samanslutning.

Ein reell rettshavar er alltid ein fysisk, norsk eller utanlandsk, person.


Det er ikkje nødvendigvis alle eigarar som er reelle rettshavarar. Det er berre den eller dei fysiske personane som innfrir kriteria om å vere ein reell rettshavar som skal registrerast i registeret.

### Direkte eigar og reell rettshavar

Ein person kan vere reell rettshavar ved å ha direkte eigarskap og/eller kontroll over stemmerettar, rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styremedlemmene i verksemda eller innflytelse/kontroll på annan måte.

Oppsummert er ein reell rettshavar ein fysisk person som innfrir eitt eller fleire av følgande kriterium (posisjonar):

- eig meir enn 25 % av verksemda
- kontrollerer meir enn 25 % av stemmerettane i verksemda
- har rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styremedlemmene i verksemda
- innflytelse/kontroll på annan måte



Eksempelet viser at Astrid eig 25,1 % av «verksemd som registrerer». Ho er derfor ein reell rettshavar av verksemda.

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet:

Astrid skal registrerast som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 25,01-49,99%
- grunnlag direkte

### Indirekte eigar og reell rettshavar

Ein person kan også vere reell rettshavar ved indirekte å eige eller kontrollere ei verksemd.

Det vil seie at personen har eigarandelar og stemmerettar i den registreringspliktige verksemda via ei anna verksemd, for eksempel eit holdingselskap.

Verksemder som ligg mellom den registreringspliktige verksemda og reell rettshavar blir kalla mellomliggande verksemder.

Når du skal oppgi den registreringspliktige verksemda sine reelle rettshavarar må du derfor sjekke eventuelle mellomliggande verksemder (juridiske personar), for å finne frem til den eller dei fysiske personane som i siste instans eig/kontrollerer verksemda. Det er viktig å kartlegge verksemda sin eigar- og kontrollstruktur, også når verksemda er eigd av ei utanlandsk verksemd eller av utanlandske personar.

For å vere reell rettshavar må ein person indirekte kontrollere meir enn 25 % i første nivå, deretter ha kontroll på 50 % eller meir i følgande nivå.


På første nivå gjeld følgande reglar:

- eigarskap over 25 %
- stemmerett over 25 %
- rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styret
- innflytelse/kontroll på annan måte

På alle andre nivå under gjeld berre:

- stemmerett 50 % eller meir
- rett til å peike ut eller avsette halvparten eller meir av styret

Det vil seie at dersom verksemd A eig eller kontrollerer meir enn 25 % av «verksemda som registrerer», må det vere ein fysisk person som har rett til å stemme for 50 % eller meir av stemmene i verksemd A, eller rett til å peike ut eller avsette halvparten eller meir av styret i verksemd A, for at personen skal vere ein indirekte reell rettshavar i «verksemd som registrerer». Dette gjeld uansett kva organisasjonsform verksemd A er.




Eksempelet viser at «verksemd som registrerer» er eigd 25,1 % av verksemd A (nivå 1) og Astrid har 50 % stemmerett i verksemd A (nivå 2). Ho er derfor indirekte reell rettshavar fordi ho har 50 % stemmerett i verksemd A, som igjen eig over 25 % av «verksemd som registrerer».

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

Astrid skal registrerast som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 25,01-49,99%
- grunnlag indirekte med verksemd A som mellomliggende verksemd



Eksempelet viser at «verksemd som registrerer» er eigd 25,1 % av verksemd A (nivå 1), verksemd B har 50% stemmerett i verksemd A (nivå 2) og Astrid har 50% stemmerett i verksemd B (nivå 3). Ho er derfor indirekte reell rettshavar fordi ho har 50 % stemmerett i verksemd B, som igjen har 50 % stemmerett i verksemd A, som igjen eig over 25 % av «verksemd som registrerer».

Det kan vere fleire mellomliggande verksemdar mellom den registreringspliktige verksemda og den reelle rettshavaren. I desse tilfella, skal alle mellomliggande verksemdar registrerast når du registrerer indirekte grunnlag.

**Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet**  
Astrid skal registrerast som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 25,01-49,99%
- grunnlag indirekte med både verksemd A og verksemd B som mellomliggande verksemdar

### Reell rettshavar på annan måte

Dette er alternativet for dei som har tilstrekkeleg med innflytelse i verksemda til å oppfylle definisjonen av reell rettshavar på andre måtar enn eigarskap, stemmerett eller rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styret. Det kan vere ein person som åleine kan vedta eller endre verksemda sin forretningsplan og formål, ta opp lån, vedta eller endre bonusordning eller liknande, utnemne dagleg leiar eller tildele opsjonar under ein aksjeopsjon. Det kan også vere ein person som ikkje er styremedlem, men som regelmessig påverkar ein betydeleg del av styret eller at personen si anbefaling alltid eller nesten alltid blir følgt av selskapet sine majoritetsaksjonærar.

Du må undersøke alle relasjonar ein person har til verksemda og til personar i verksemda som har ansvar for drift og administrasjon for å kunne vurdere om summen av desse relasjonane gjer at personen faktisk utøver ein betydeleg kontroll over verksemda.

Dersom ein person har vetorettar på bakgrunn av minoritetsvern, er det usannsynleg at dette i seg sjølv er nok til å utgjere ein kontroll eller innflytelse på annan måte. Ein person vil ikkje ha kontroll eller innflytelse på annan måte når rettane utelukkande kjem av at personen er ein potensiell kjøpar av verksemda, og rettane er

midlertidig for eksempel i påvente av godkjenning frå Konkurransetilsynet.

Eksempel på personar som **ikkje** er reelle rettshavarar:

- Personar som eig 25 % eller mindre av verksemda og som ikkje har nokon annan kontroll
- Personar som har 25 % stemmerett eller mindre i verksemda og som ikkje har nokon annan kontroll
- Roller som styreleiar, styremedlem, dagleg leiar, rekneskapsførar og liknande som ikkje har nokon annan kontroll enn sjølve rolla
- Samanslåing av eigarskap/stemmerett for familiemedlemmer/personar i nær relasjon (OBS! Dette er ein av forskjellane mellom lov om register over reelle rettshavarar og kvitvaskingslova)
- Personar som ikkje kontrollerer verksemda eller som har avgrensa kontroll

### Reell rettshavar under verjemål

Verksemda må sjølv vurdere kva som blir riktig å registrere når det gjeld verjemål. Dersom personen som er under verjemål har eigarskap på over 25 %, er det vår vurdering at personen skal

registrerast med eigarskap. Om verja også skal registrerast som reell rettshavar, for eksempel på bakgrunn av stemmerettar eller kontroll/innflytelse på annan måte, kjem an på verksemda si vurdering av innflytelsen verja har i verksemda. Dersom verja oppfyller definisjonen av å vere reell rettshavar, må hen registrerast.

### Reell rettshavar i ein stiftelse

Dersom stiftelsen har innflytelse over næringsverksemd utanfor stiftelsen gjennom

- avtale
- eigarskap i aksjar
- eigarskap i selskapsandelar

må stiftelsen registrere opplysningar om reelle rettshavarar.

Kriteria for å vere ein reell rettshavar i ein stiftelse er ulike kriteria for dei andre organisasjonsformene. Ein reell rettshavar i ein stiftelse er ein norsk eller utanlandsk person som har ein eller fleire av desse posisjonane

- styremedlem

- dagleg leiar
- har rett til å peike ut over halvparten av styremedlemmene
- har gitt grunnkapital til stiftelsen
- har fått særrettar i forbindelse med opprettinga av stiftelsen
- personar som skal få utdelingar frå stiftelsen (destinatarer)

Andre enn fysiske personar (verksemdar) kan ha ein posisjon. Da er det dei reelle rettshavarane i verksemda, på tidspunktet der verksemda oppnådde kriteriet i stiftelsen, som er reelle rettshavarar i stiftelsen.

Eksempel:


Selskap A ga grunnkapital til stiftelsen i 2024. Dei som var reelle rettshavarar i selskap A på tidspunktet i 2024 da grunnkapitalen blei gitt, er reelle rettshavarar i stiftelsen på indirekte grunnlag for posisjonen «Har gitt grunnkapital til stiftelsen».

På grunn av midlertidige avgrensingar i den tekniske løysinga, er det ikkje mogleg å melde

indirekte grunnlag. Du må derfor melde inn personen med personnummer og posisjon, utan å melde grunnlag».

### **Registreringspliktig er eigd av ein stiftelse**

Dersom ein stiftelse eig ei registreringspliktig verksemd og den registreringspliktige skal vurdere sine reelle rettshavarar, gjeld det som står i avsnittet «indirekte eigar og reell rettshavar» (sjå side 7). Det vil seie at for at det skal vere nokre fysiske personar som er indirekte reelle rettshavarar i for eksempel eit AS via ein stiftelse, må det vere nokon som har rett til å stemme for 50 % eller meir av stemmene i stiftelsen, eller rett til å peike ut eller avsette halvparten eller meir av styret i stiftelsen.



Eksempelet viser at ein stiftelse eig «verksemd som registrerer». Tre personar har stemmerett i stiftelsen – Astrid med 50 %, Olav med 30 % og Kari med 20 %.

Astrid er reell rettshavar i «verksemda som registrerer» fordi stiftelsen eig 100 % av «verksemda som registrerer» og Astrid har 50 % stemmerett i stiftelsen.

Olav og Kari er ikkje reelle rettshavarar i «verksemd som registrerer» fordi kriteriet om indirekte eigarskap ikkje er oppfylt sidan dei har mindre enn 50 % stemmerett i stiftelsen.

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

I skjemaet skal du registrere Astrid som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 75-100%
- grunnlag indirekte og stiftelsen som mellomliggende verksemd

## 5. Korleis finn du verksemda sine reelle rettshavarar?

Det kan vere ein omfattande jobb å finne dei reelle rettshavarane, men det er verksemda sitt ansvar (plikt) å identifisere dei.

For å identifisere fysiske personar etter [§ 2-1](#) og [§ 2-2](#) i forskrifta, må registreringspliktige hente opplysningar frå blant anna stiftelsesdokument, vedtekter, aksjeeigarbok eller tilsvarande.

Der det er relevant, må registreringspliktige finne opplysningar

- om eventuelle einigheiter eller avtalar, formelle eller uformelle, som regulerer utøvinga av eigarrettar og stemmerettar i den registreringspliktige verksemda
- frå eventuelle mellomliggande juridiske personar, einingar, samanslutningar og arrangement, norske og utanlandske

Den registreringspliktige skal dokumentere grunnlaget for identifiseringa av kven som er reelle rettshavarar. Dersom den registreringspliktige meiner det ikkje er nokon reelle rettshavarar, skal vurderinga vere grunngitt

og dokumentert.

Dersom den registreringspliktige meiner det finst ein eller fleire reelle rettshavarar, men kan ikkje identifisere desse, skal vurderinga vere grunngitt og dokumentert.

## 6. Kva opplysningar skal registrerast?

For sjølve innrapporteringa finst det tre hovudalternativ, avhengig av om verksemda har reelle rettshavarar og om dei kan identifiserast:

- **Verksemda har reelle rettshavarar**  
Dette alternativet bruker du dersom verksemda har reelle rettshavarar som kan identifiserast, enten desse er norske eller utanlandske. Du vel også dette alternativet dersom du kan identifisere nokre av dei reelle rettshavarane, men ikkje alle.
- **Verksemda har ikkje reelle rettshavarar**  
Dette alternativet vel du når verksemda ikkje har reelle rettshavarar. Det kan f. eks. vere

tilfelle der ingen av eigarane eig meir en 25 % av aksjane eller på annan måte har ein kontrollerande posisjon.

- **Verksemda har reelle rettshavarar, men ingen av dei kan identifiserast**

Dette alternativet vel du i dei tilfella du veit at verksemda har reelle rettshavarar, men du kan ikkje identifisere nokon av dei.

For kvar reell rettshavar skal du melde inn personlege opplysningar. Du skal også gi opplysningar om korleis dei utøver kontroll over verksemda. Dette skal du gjere ved å angi posisjon (type kontroll) og grunnlaget for denne posisjonen.

- For posisjon «eigarskap» må du oppgi kor stor andel eigarskapen er. Dette oppgir du i skjemaet ved å velje i kva av intervalla 25,01- 49,99 %, 50 – 74,99 % og 75 – 100 % eigarskapen ligg. I tillegg må du oppgi grunnlaget for eigarskapen. Det vil seie om dette er direkte (personleg eigarskap) eller indirekte (via andre verksemder) eller eventuelt via ein kombinasjon av desse grunnlaga.
- For posisjon «kontroll over stemmerett» må du oppgi kor stor andel av stemmerettane personen kontrollerer. Dette oppgir du ved å velje eitt av intervalla i skjemaet, 25,01 – 49,99

%, 50 – 74,99 % eller 75 – 100 %. I tillegg må du oppgi grunnlaget for stemmeretten, det vil seie om dette er direkte eller indirekte (via andre verksemder) eller på grunn av ei einigheit eller ein avtale – eller eventuelt ein kombinasjon av desse grunnlaga.

- Posisjon «rett til å peike ut eller avsette meir enn halvparten av styremedlemmene» vil alltid vere basert på einigheit eller avtale.
- For posisjon «kontroll på annan måte» må du gi ei kort, tekstleg utgreiing.

Desse opplysningane skal sendast inn:

- fullt namn
- fødselsnummer eller d-nummer. Dersom ein reell rettshavar ikkje har fødselsnummer eller d-nummer, legg du inn fødselsdatoen
- bustadland
- alle statsborgarskap
- organisasjonsnummeret – der grunnlaget er indirekte

For dei med fødsels- eller d-nummer blir fleire av dei personlege opplysningane henta frå Folkeregisteret. For desse personane skal du berre legge inn fødsels- eller d-nummer og etternamn.

Registreringspliktig har ansvar for å varsle dei reelle rettshavarane sine om registreringa av opplysningane.

Før du registrerer reelle rettshavarar er det lurt å ha klart alle opplysningane du skal rapportere.

Du skal berre registrere den eller dei personane som oppfyller kriteria om å vere ein reell rettshavar.

#### **Særlege reglar for børsnoterte selskap**

Registreringspliktige som er børsnoterte i ein EØS-stat, eller ein annan stat med tilsvarende internasjonale standardar som sikrar tilstrekkeleg innsyn i opplysningar om eigarforhold, skal berre registrere opplysningar om namn, heimland og internettadressa til den regulerte marknaden. Vi har identifisert to marknader der registreringspliktige verksemdar i Noreg kan registrerast. Dette er Euronext Oslo Børs og Euronext Oslo Expand. Dersom verksemda er registrert på ein av desse marknadane, treng du berre å velje kva marknad det gjeld og internettadressa og landet blir automatisk fylte ut i skjemaet.

Dersom verksemda er registrert på ein annan regulert marknad med tilsvarende internasjonale standardar som sikrar tilstrekkeleg innsyn i opplysningar om eigarforhold, må du sende melding i [kontaktskjemaet vårt](#).

Dersom ei registreringspliktig verksemd er eigd av eit børsnotert selskap, gjeld det som står i avsnittet «indirekte eigar og reell rettshavar» i kapittel 4. Da skal den registreringspliktige følge vanleg rutine for vurdering og registrering av reelle rettshavarar.

#### **Særlege reglar for norskregistrerte utanlandske føretak (NUF)**

Det er berre NUF som er registrerte i Føretaksregisteret, altså som driv næringsverksemd i Noreg, som er registreringspliktige.

Dersom det utanlandske hovudføretaket høyrer heime i eit EØS-land, og har registrert opplysningar om reelle rettshavarar i eit tilsvarende register der, treng du berre å stadfeste det i skjemaet. For registreringspliktige NUF med hovudføretak i eit EØS-land vil første spørsmål i skjemaet vere om hovudføretaket

har registrert opplysningar om rettshavarar i heimlandet. Dersom svaret er ja, er det det einaste spørsmålet du må svare på. Dersom svaret er nei, må du fylle ut skjemaet som vanleg.

For registreringspliktige NUF med hovudføretak utanfor EØS-land, for eksempel Storbritannia eller Sveits, må skjemaet fyllast ut som vanleg.

## 7. Eksempel på eigar-/ kontrollstrukturar

Her kjem fleire eksempel på direkte og indirekte eigarskap. Konklusjonane i alle eksempla er baserte på tolkinga vår av lovverket. Den registreringspliktige må alltid gjere vurderingane sjølv og kan kome til andre konklusjonar enn det vi har gjort. I alle eksempla nedanfor kan det også finnast andre reelle rettshavarar, for eksempel med posisjon rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styret eller kontroll på annan måte. I alle eksempla er prosent av eigarskap og stemmerett den same, så lenge det ikkje er opplyst noko anna.

### Direkte grunnlag


Eksempel 1 viser at Astrid eig 75 % av «verksemd som registrerer» og Olav eig 25 % av «verksemd som registrerer». Astrid er reell rettshavar fordi ho eig meir enn 25 %, medan Olav ikkje er reell rettshavar fordi han ikkje eig meir enn 25 %.

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

I skjemaet skal du registrere Astrid som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 75-100%
- grunnlag direkte

### Eksempel 1



↑ 75% eigarskap

↑ 25% eigarskap



er reell rettshavar



er ikkje reell rettshavar

## Direkte grunnlag med ulike aksjeklassar


Eksempel 2 viser at det er ulike aksjeklassar i «verksemd som registrerer». Det er berre A-aksjane som har stemmerett. Astrid har 50 % B-aksjar, Olav har 40 % B-aksjar og Kari har 10 % A-aksjar.

Astrid og Olav er reelle rettshavarar fordi dei eig meir enn 25 % av verksemda, mens Kari er reell rettshavar fordi ho har meir enn 25 % av stemmerettane i verksemda.

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

I skjemaet skal du registrere

- Astrid som reell rettshavar med posisjon eigarskap, i intervallet 50 – 74,99 % og grunnlag direkte
- Olav som reell rettshavar med posisjon eigarskap, i intervallet 25,01 – 49,99 % og grunnlag direkte
- Kari som reell rettshavar med posisjon stemmerett, i intervallet 75 – 100 % og grunnlag direkte



### Indirekte grunnlag

Eksempel 3 viser at verksemd A eig 100 % av «verksemd som registrerer». Astrid eig 70 % av verksemd A og Olav eig 30 % av verksemd A. Sidan verksemd A eig meir enn 25 % i «verksemd som registrerer», må du vurdere om det nokon som er indirekte reelle rettshavarar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd A.

Astrid er indirekte reell rettshavar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd A fordi verksemd A eig meir enn 25 % av «verksemd som registrerer» og Astrid har stemmerett på 50 % eller meir i verksemd A.


Olav er ikkje indirekte reell rettshavar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd A fordi han har mindre enn 50 % stemmerett i verksemd A.

#### Slik fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

I skjemaet skal du registrere Astrid som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 75-100%
- grunnlag indirekte og verksemd A som mellomliggende verksemd

#### Eksempel 3



### Indirekte grunnlag med mange indirekte reelle rettshavarar

Eksempel 4 (på neste side) viser at verksemd A og B eig 50 % kvar av «verksemd som registrerer». Astrid og Olav eig 50 % kvar av verksemd A. Kari eig 75 % av verksemd B og Kåre eig 25 % av verksemd B. Sidan verksemd A og verksemd B eig meir enn 25 % i «verksemd som registrerer», må du vurdere om det er nokon som er indirekte reelle rettshavarar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd A og/eller verksemd B.

Astrid og Olav er indirekte reelle rettshavarar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd A fordi verksemd A eig meir enn 25 % av «verksemd som registrerer» og både Astrid og Olav har stemmerett på 50 % eller meir i verksemd A.

Kari er indirekte reell rettshavar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd B fordi

verksemd B eig meir enn 25 % av «verksemd som registrerer» og Kari har stemmerett på 50 % eller meir i verksemd B.


Kåre er ikkje indirekte reell rettshavar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd B fordi han har mindre enn 50 % stemmerett i verksemd B.

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

I skjemaet skal du registrere

- Astrid og Olav som reelle rettshavarar med posisjon eigarskap, i intervallet 50 – 74,99 %, grunnlag indirekte og verksemd A som mellomliggende verksemd
- Kari som reell rettshavar med posisjon eigarskap, i intervallet 50 – 74,99 %, grunnlag indirekte og verksemd B som mellomliggende verksemd

### Eksempel 4



### Indirekte grunnlag med ulike aksjeklassar

Eksempel 5 viser at verksemd A eig «verksemd som registrerer». Det er ulike aksjeklassar i verksemd A og det er berre A-aksjane som har stemmerett.


Astrid har 50 % B-aksjar, Olav har 40 % B-aksjar og Kari har 10 % A-aksjar. Sidan verksemd A eig meir enn 25 % i «verksemd som registrerer», må du vurdere om det er nokon som er indirekte reelle rettshavarar i «verksemd som registrerer» gjennom verksemd A. Astrid og Olav er ikkje indirekte reelle rettshavarar fordi dei ikkje har stemmerett på 50 % eller meir i verksemd A, mens Kari er indirekte reell rettshavar fordi ho har stemmerett på 50 % eller meir i verksemd A.

#### Slik fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

I skjemaet skal du registrere Kari som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 75 – 100%
- grunnlag indirekte og verksemd A som mellomliggende verksemd

#### Eksempel 5



### Samanslåing av direkte og indirekte grunnlag

Eksempel 6 viser at verksemd A eig 21 % av «verksemd som registrerer» og Astrid eig 60 % av verksemd A. Samtidig eig Astrid 5 % direkte i «verksemd som registrerer». Verksemd B eig 50 % av «verksemd som registrerer» og Olav eig 30 % av verksemd B. Samtidig eig Olav 10 % direkte i «verksemd som registrerer».


Astrid er reell rettshavar i «verksemd som registrerer» fordi ho har 26 % eigarskap til saman gjennom direkte og indirekte eigarskap. Olav er ikkje reell rettshavar i «verksemd som registrerer» fordi kriteriet om indirekte eigarskap ikkje er oppfylt, sidan han ikkje har 50 % stemmerett eller meir i verksemd B, og han har derfor berre 10 % direkte eigarskap.

Hugs at du må undersøke dei andre med eigarskap i verksemd A og B.

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

I skjemaet skal du registrere Astrid som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 25,01-49,99%
- grunnlag direkte og indirekte, og verksemd A som mellomliggende verksemd



### Konsern

Eksempel 7, på neste side, viser eit konsern der dotter eig 100 % av dotterdotter og mor eig 100 % av dotter. Astrid eig 50 %, Olav eig 30 % og Kari eig 20 % av mor.

Dotterdotter: Astrid er indirekte reell rettshavar i dotterdotter gjennom dotter og mor fordi dotter eig meir enn 25 % av dotterdotter, mor har stemmerett på 50 % eller meir i dotter og Astrid har stemmerett på 50 % eller meir i mor. Olav og Kari er ikkje indirekte reelle rettshavarar i dotterdotter gjennom dotter og mor fordi dei har mindre enn 50 % stemmerett i mor.

Dotter: Astrid er indirekte reell rettshavar i dotter gjennom mor fordi mor eig meir enn 25 % av dotter og Astrid har stemmerett på 50 % eller meir i mor. Olav og Kari er ikkje indirekte reelle rettshavarar i dotter gjennom mor fordi dei har mindre enn 50 % stemmerett i mor.

Mor: Astrid og Olav er direkte reelle rettshavarar i mor fordi dei eig meir enn 25 % av mor, mens Kari ikkje er direkte reell rettshavar fordi ho ikkje eig meir enn 25 % av mor.

### Sånn fyller du ut dette eksempelet i skjemaet

Dotterdotter: I skjemaet skal du registrere Astrid som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 75-100%
- grunnlag indirekte, og dotter og mor som mellomliggende verksemd


Dotter: I skjemaet skal du registrere Astrid som reell rettshavar med

- posisjon eigarskap, i intervallet 75-100%
- grunnlag indirekte og mor som mellomliggende verksemd

Mor: I skjemaet skal du registrere:

- Astrid som reell rettshavar med posisjon eigarskap, i intervallet 50 – 74,99 % og grunnlag direkte
- Olav som reell rettshavar med posisjon eigarskap, i intervallet 25,01 – 49,99 % og grunnlag direkte

Eksempel 7



## 8. Verksemda er registreringspliktig, men har ikkje reelle rettshavarar

Når ei registreringspliktig verksemd ikkje har reelle rettshavarar, blir opplysningane om leiinga henta frå Einingsregisteret. For verksemder utan reelle rettshavarar vil leiinga representere verksemda.

Det vil vere tilfelle der verksemda har eigarar, men ingen av dei oppfyller krava til å vere ein reell rettshavar etter definisjonen i forskrifta. Dette skjer i tilfelle der verksemda er eigd av så mange at ingen eig eller kontrollerer meir enn 25 % av eigarandelane eller stemmerettane. I slike tilfelle må verksemda melde at dei ikkje har reelle rettshavarar.

### Registreringspliktig er eigd av ei offentleg verksemd

Dersom ei registreringspliktig verksemd er eigd 100 % av ei eller fleire offentlege verksemder, er vurderinga vår at det mest sannsynleg ikkje er reelle rettshavarar i den

registreringspliktige verksemda. Dersom dette er tilfelle, skal verksemda registrere at ho ikkje har reelle rettshavarar og stadfeste at verksemda er eigd minst 75 % av ei eller fleire offentlege verksemder.

Dersom ei registreringspliktig verksemd delvis er eigd av ei offentleg verksemd, må den registreringspliktige verksemda vurdere om det er reelle rettshavarar i den resterande eigarprosenten.

Med offentleg myndigheiter, meiner vi her:

- Staten, fylkeskommunar og kommunar
- statsføretak
- kommunale føretak, irekna interkommunale føretak
- den norske kyrkja og tilknytte kyrkjelege einingar
- bankane sitt sikringsfond
- studentsamskipnadar
- helseføretak, irekna regionale helseføretak

## 9. Verksemda har reelle rettshavarar som ikkje kan identifiserast

Verksemder skal gjere alle rimelege forsøk på å identifisere dei reelle rettshavarane sine. Les meir om plikta til å hente inn opplysningar i kapittel 14.

Dersom verksemda veit at det finst reelle rettshavarar, men ikkje klarer å identifisere nokon av dei, må verksemda registrere at dei har reelle rettshavarar, men at ingen av desse kan identifiserast.

Dersom den registreringspliktige verksemda gjennom forsøka sine på å identifisere reelle rettshavarar får mistanke om at ein eller fleire av dei ikkje vil gi seg til kjenne på grunn av eit kriminelt forhold, for eksempel bruk av stråmenn, skal verksemda melde forholdet til politiet. I slike tilfelle blir verksemda nøydd til å registrere at dei ikkje kan identifisere dei reelle rettshavarane sine.

## 10. Når skal opplysningar om reelle rettshavarar registrerast?

Alle registreringspliktige verksemder må registrere reelle rettshavarar seinast 14 dagar etter at verksemda er registrert i eit offentleg register.

Dersom verksemda får nye reelle rettshavarar, eller det skjer andre endringar, skal registrerte opplysningar oppdaterast seinast innan 14 dagar.

## 11. Oppdatering av registrerte opplysningar

Verksemda har plikt til å sørge for at informasjonen om dei reelle rettshavarane alltid er oppdatert. Kor ofte de må gjere dette, avheng av situasjonen for den enkelte verksemda.

Verksemda bør sjekke og oppdatere

informasjonen etter generalforsamlingar eller liknande møte. Dersom det skjer endringar i verksemda sine reelle rettshavarar, som for eksempel auke av eigarandelar, endring av stemmerett, nye avtalar eller opphøyr av eksisterande avtalar, må opplysningane oppdaterast.

Når den registreringspliktige har identifisert nye reelle rettshavarar, skal registrerte opplysningar oppdaterast så snart som mogleg og seinast innan 14 dagar. Det same gjeld dersom den registreringspliktige blir kjent med andre endringar som medfører at registrerte opplysningar ikkje stemmer lenger.

## 12. Kor skal opplysningane registrerast?

Registreringspliktige skal registrere dei reelle rettshavarane sine i Register over reelle rettshavarar.

Bruk skjemaet [Registrere reelle rettshavarar \(RRH-0100\)](#) i Altinn.

Opplysningane i skjemaet blir maskinelt behandla og du vil få eit vedtak som viser dei registrerte opplysningane i verksemda sin innboks i Altinn.

## 13. Kven har ansvaret for registreringa?

Leiinga i den registreringspliktige verksemda har ansvaret for å registrere opplysningar om reelle rettshavarar.

Desse kan sende inn skjemaet:

- dagleg leiar
- deltakar med delt ansvar
- deltakar med fullt ansvar
- forretningsfører
- kontaktperson
- kontaktperson for NUF
- nestleiar
- norsk representant for utenlandsk enhet
- styremedlem
- styreleiar

- ansvarleg revisor
- revisormedarbeidar
- rekneskapsførar med signeringsrett
- rekneskapsførar utan signeringsrett
- rekneskapsmedarbeidar
- tilgangspakka aksjar og eigarforhold

Skjemaet kan også bli sendt inn av ein person som har fått delegert retten i Altinn. Meir informasjon om kven som kan fylle ut og sende inn skjemaet finn du på informasjonssida på [Altinn](#).

## 14. Omfanget av plikta til å hente inn og oppbevare opplysningar om reelle rettshavarar

Den registreringspliktige verksemda er pliktig til å gjere nødvendige undersøkingar for å identifisere kven som eigentleg eig eller kontrollerer verksemda. Verksemda skal utføre alle rimelege forsøk på å identifisere dei reelle rettshavarane sine.

Å utføre alle rimelege forsøk betyr at verksemda må gjere alt som kan gjerast for å identifisere dei reelle rettshavarane sine. Det er ikkje nok at ein reell rettshavar ikkje ønsker å la seg identifisere ovanfor verksemda. I slike tilfelle må verksemda forsøke å hente inn opplysningane på andre måtar. Dersom det ikkje er mogleg å hente inn opplysningar, skal det dokumenterast kva verksemda har gjort og kvifor ho ikkje har utført ytterlegare tiltak.

For å vurdere om verksemda har reelle rettshavarar og å finne ut kven desse er, er det nødvendig å kartlegge eigarstrukturen til verksemda. Verksemda må undersøke om det er særlege forhold som gjer seg gjeldande slik som einigheiter eller avtalar, formelle eller uformelle, som regulerer utøvinga av eigarrettar og stemmerettar i den registreringspliktige verksemda.

Dette vil gjere det enklare å finne fram til dei fysiske personane som i siste instans eig eller kontrollerer verksemda, og finne ut om ein person skal reknast som reell rettshavar, ved posisjon, størrelse på posisjon og grunnlag for posisjon for personen sine rettar.

Konkret kan den registreringspliktige verksemda ta kontakt med personar og/eller verksemder som ho blir eigd av for å få opplysningar om særlege forhold som er relevante for å identifisere reelle rettshavarar. For å dokumentere forsøk på å identifisere reelle rettshavarar, kan du lage ei liste over de verksemdene i eigarkjeda som du har kontakta og korleis du har tatt kontakt med dei. Det er viktig å ta vare på førespurnadane, sidan verksemda er pliktig til å lagre desse opplysningane i 5 år, [jf. forskrift til lov om register over reelle rettshavarar § 2-5](#).

Dei registreringspliktige verksemdene varierer i størrelse og kompleksitet. Det er derfor forskjell på kva den enkelte verksemda må gjere for å kunne identifisere dei reelle rettshavarane sine. Det som gjeld for alle, er at dei skal kunne identifisere dei reelle rettshavarane sine og på kva grunnlag dei er reelle rettshavarar. Dersom den registreringspliktige verksemda meiner det ikkje er nokre reelle rettshavarar i ein juridisk person eller eit utanlandsk arrangement, skal vurderinga vere grunnlagt og dokumentert. Dersom den registreringspliktige verksemda meiner det finst ein eller fleire reelle rettshavarar, men kan ikkje identifisere desse, skal vurderinga vere grunnlagt og dokumentert. Ein slik dokumentasjon viser at den registreringspliktige

har gjort alle rimelege forsøk på å identifisere dei reelle rettshavarane sine. Registreringspliktige skal lagre opplysningane og vurderingane om reelle rettshavarar i ti år etter at fysiske personar slutta å vere reelle rettshavarar.

Dette gjeld enten det er identifisert reelle rettshavarar eller ikkje. Dokumentasjonen skal ikkje sendast inn til registeret.

## 15. Varsel om avvik frå rapporteringspliktige og offentlege myndigheiter

Enkelte rapporteringspliktige og offentlege myndigheiter har plikt til å varsle Register over reelle rettshavarar om mogleg feil i registeret. Rapporteringspliktige skal i samsvar med kvitvaskingslova kontrollere reelle rettshavarar som kundetiltak ovanfor nye kundar, og som kontinuerleg oppfølging ovanfor eksisterande kundar.

Rapporteringspliktige som skal varsle registeret er:

- bank
  - kredittføretak
  - finansieringsføretak
  - e-pengeføretak
  - betalingsføretak og andre som har rett til å yte betalingstenester
  - verdipapirføretak
  - forvaltningsselskap for verdipapirfond
  - forsikringsføretak
  - føretak som driv forsikringsformidling som ikkje er gjenforsikringsmekling
  - forvaltar av alternative investeringsfond
  - låneformidlingsføretak
- skattemyndigheiter
  - tilsynsmyndigheiter for rapporteringspliktige etter kvitvaskingsregelverket
  - tilsynsmyndigheiter for stiftelsar
  - andre myndigheiter med ansvar for å etterforske og påtale kvitvasking, primærbrotsverk og terrorfinansiering
  - andre myndigheiter med ansvar for sporing, bandlegging og inndraging av utbytte
  - sikkerheitsmyndigheiter

Offentlege myndigheiter som skal varsle registeret er:

- politi- og påtalemyndigheit
- eininga for finansiell etterretning som er ansvarleg for å motta opplysningar om mistenkelege forhold etter kvitvaskingslova § 26

## 16. Kva skjer dersom registreringspliktig får eit varsel om avvik?

Når vi får eit varsel om mogleg feil i registeret, vil den registreringspliktige verksemda få beskjed om dette. Verksemda vil få moglegheit til å svare på varselet, enten ved å endre på reelle rettshavarar eller ved å stadfeste at det som allereie er registrert er korrekt.

Dersom den registreringspliktige verksemda ikkje svarar på varselet, vil Register over reelle rettshavarar starte prosessen med tvangsmulkt.

## 17. Kven kan få tilgang til opplysningane?

Opplysningane i registeret er unntatt offentlegheita på grunn av personvern. Det er derfor berre utvalde aktørar som kan få tilgang til registeret. Dei utvalde aktørane er:

- rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova § 4 i forbindelse med deira kundetiltak og kontinuerlege oppfølging etter kvitvaskingslova
- nokre utvalde offentlege aktørar:
  - politi- og påtalemyndigheit
  - eininga for finansiell etterretning ansvarleg for å motta opplysningar om mistenkelege forhold etter kvitvaskingslova § 26

- skattemyndigheiter
- tilsynsmyndigheiter for rapporterings-pliktige etter kvitvaskingsregelverket
- andre myndigheiter med ansvar for å etterforske og påtale kvitvasking, primærbrotsverk og terrorfinansiering
- andre myndigheiter med ansvar for sporing, bandlegging og inndraging av utbytte
- sikkerheitsmyndigheita
- tilsynsmyndigheit for stiftelsar
- media underlagde medieansvarslova §2
- sivilsamfunnsorganisasjonar som har som føremål å arbeide med å førebygge og motverke misbruk av selskapsstrukturar
- høgare utdanningsinstitusjonar som er omfatta av universitets- og høgskolelova § 1-2

Det er berre mogleg å få tilgang til registeret gjennom maskinelt grensesnitt/API og du må søke om å få tilgang. Du finn meir informasjon om tilgang og korleis du bestiller [på nettsida vår](#).

Kva verksemdar du sjølv er registrert som reell rettshavar i kan du sjekke på [Mi side](#) (krever innlogging med BankID).

## 18. Skjerming av opplysningar i særlege tilfelle

Vi kan i sjeldne tilfelle skjerme enkelte opplysningar om ein reell rettshavar. Opplysningane som blir skjerma er

- fullt namn
- fødselsdato og månad
- grunnlag for posisjon

Ein reell rettshavar kan få godkjent ein søknad om skjerming dersom

- det finst ein konkret, ekstraordinær og uforholdsmessig risiko for at personen kan bli utsett for bedrageri, utpressing, trakassering, vald eller truslar
- personen er tatt frå rettsleg handleevne

I tillegg blir alle personar under 18 år skjerma automatisk, utan å sende inn søknad.

Skjerming av opplysningar gjeld ikkje for offentlege myndigheiter og enkelte rapporteringspliktige (sjå kapittel 15). Dei vil derfor få tilgang til alle opplysningar om ein skjerma person.

I søknaden må du dokumentere at personen oppfyller krav om skjerming. Det kan for eksempel vere:

- dokumentasjon frå politi eller liknande myndigheit på at det finst ein risiko for at personen kan bli utsett for bedrageri, utpressing, trakassering, vald eller truslar
- dokumentasjon på at personen har fortruleg eller strengt fortruleg adresse
- dokumentasjon på at personen er tatt frå rettsleg handleevne

Søknad om skjerming sender du til

Register over reelle rettshavarar  
Postboks 900  
8910 Brønnøysund